

Det lønner seg
å abonnere
på Bergens Tidende
Se fordelene
HER!

Bergens  Tidende

Pusse opp?

Søk blant bedrifter i 1200 ulike bransjer.

bt.no

forbruker

- Sex og samliv
- Hus og hjem
- Helse
- Reise
- Mat og vin
- Miljø
- Bil og motor
- Data og mobil
- Populærvitenskap
- Kjæledyr

KUNDESENTER > ABONNEMENT > ANNONSE > MinBT > KONTAKT OSS 

Massivtre ved naturperle

Preikestolen i Ryfylke trekkjer folk som vil nyta utsikta. Frå no av vil mange ta turen også for å sjå på arkitekturen.

Større bilde 



PREIKESTOLHYTTA: Stavanger Turistforening brukar 30 millionar kroner på ei turistforeningshytte utanom det vanlege. Frå no av blir det heilårsdrift på Preikestolhytta som ligg i Ryfylke, ein halvtimes biltur frå Tau.
FOTO: SIGNE CHRISTINE URDAL

[Eva Røyrane](#)

Publisert: 11. nov. 2008, 07:45
Oppdatert: 11. nov. 2008, 10:07

 [Utskriftsvennlig versjon](#)

 [Tips en venn om denne saken](#)

Større bilde 



Her synker lastebåten



Ciao, Namra!



Mistet mannen i arbeidsulykke



siste:

[- Informasjonen var god nok](#)

[Triplet tirsdag 18.11.2008](#)

[Været tirsdag 18.11.2008](#)

[Nyheter tirsdag 18.11.2008](#)

expert 

DEN NYE PREIKESTOLHYTTA har vakse opp av landskapet rundt ein stor stein. Tilbakelemt mellom bjørkelegger og brakebuskar ligg nybygget der som ein gråbrun bergnabb. Den kompakte bygningskroppen med det trekledde taket er eit oppsiktsvekkjande byggverk som alt har fått brei internasjonal medieomtale.

- Det har vel neppe skjedd før at folk har

Nyheter

Bergen
Hordaland
Sogn og Fjordane
Innenriks
Utenriks
BTV - web-tv

LokalLokal

Arna og Osterøy
Fana
Fyllingsdalen
Os og Fusa
Voss
Åsane

Sport

Fotball
Håndball
Basket
Sting
Ishockey
Vintersport
Ekstremспорт
Sykkel
Tour de France
Stoltzkleiven Opp
Solliskolen
Beijing OL 2008

Bergenspuls

Kulturnyheter
Film
Musikk
Kjendiser
Litteratur
TV og media
Spill
Scene
Konsert
Utstilling
Restaurant & kafé
Det skjer

NA24 Bergen**Forbruker**

Sex og samliv
Hus og hjem
Helse
Reise
Dinmat
Miljø
Bil og motor
Data og mobil
Populærvitenskap
Kjæledyr

Meninger

Leder
Kronikk
Debatt
Leserne diskuterer
Leserombudet
Blogg



drege til fjells for å oppleve arkitekturen til turistforeininga, men det vil skje her, seier Bernt Krogh. Han er geologen med DNT-medlemskap og erfaring frå Troll-prosjektet i Nordsjøen, som blei beden om å vera prosjektleiar for Preikestolhytta.

Og det har vore litt av ein jobb, forstår vi. Krogh har hatt bruk for dei evnene han har til hard forhandling, mjukt diplomati og godt humør.

NO SIT KROGH på Tau-ferja og drikk kaffi i lag med arkitekt Dag Strass. Strass har hatt jobben med å følgja opp dette prestisjeprosjektet for Helen & Hard.



- Vanlegvis når turistforeininga byggjer nye hytter er arkitekten innom ein gong i løpet av byggeperioden. Dag har vore på byggeplassen tre gonger i veka, forklarar prosjektleiar.

Det har blitt mange ferjeturar mellom Stavanger og Tau på dei to. Mange akutte problem har dei løyst på vegen.

- Bygg som dette krev justeringar undervegs. Då er det viktig å vera til stades. Vi er svært glade for at vi har fått høve til å følgja opp alle detaljar så til dei grader, seier Dag Strass.

OKTOBERVERET vekslar mellom styrtebyger med sludd og intens sol over fargesprakande ryfylkeheiar. Turistsesongen er over, berre ein og annan turgåar parkerer ved Preikestolhytta for å gå opp til den berømte utsiktsplassen. Men frå no av skal i alle fall hyttesesongen utvidast. Det er heilt nødvendig for å finansiera nybygget. Økonomien til Stavanger Turistforening vil vera prisgjeven bedriftene i Stavanger-området sin vilje til å bruka Preikestolhytta til kurs og konferansar i vinterhalvåret.

- Det sit spenstige folk i styret til Stavanger Turistforening. Utan deira mot og vilje til å satsa utradisjonelt, ville det ikkje vore mogeleg å byggja denne hytta, seier Bernt Krogh.

Det starta med ein arkitektkonkurranse i 2005. I botnen av denne låg ein miljøprofil, turistforeininga sine ønskje om å byggja miljøvenleg og energioekonomisk ved hjelp av materiala tre, stein, glas, stål og betong.

- Helen & Hard vann konkurransen. Byarkitekten, som var med i juryen, meinte prosjektet vårt ville passa godt inn i Norwegian Wood-planane til kulturhovudstaden Stavanger 2008. Som Norwegian Wood-prosjekt har vi fått nyttig draghjelp av ulike fagfolk som har vrimla rundt oss. Alle har lyst til å seia at dei var med på å byggja Preikestolhytta, seier Krogh.

DET ER FIN FYR på peisen og god lunk i hytta når vi kjem fram. Men både tømrarar

UTFORDRANDE: Å byggja hus i lag med arkitektane Helen & Hard er ikkje det lettaste du kan gjera, men så blir det fine bygg til slutt, seier prosjektleiar Bernt Krogh til v. Dag Strass er arkitektkontoret sin mann på byggeplassen.

FOTO: SIGNE CHRISTINE URDAL

Større bilde



IKKJE EIN RETT VINKEL: Hytta har 28 gjesterom. Bak glasveggen til høgre ligg eit bittelite bad med skifergolv.

FOTO: SIGNE CHRISTINE URDAL

Større bilde


































SIV I TAKET: Takhimlingane i restaurantområdet skal kleast med stråtapet frå Biri.

FOTO: SIGNE CHRISTINE URDAL

Større bilde



-  [Stoltzekleiven opp](#)
-  [Solliskolen](#)
-  [USA-valget](#)
-  [Triplet](#)
-  [Skipstrafikk](#)
-  [Web-kamera](#)
-  [Vær/pollenvarsel](#)
-  [Klima](#)
-  [BTV - web-tv](#)
-  [Trafikkinformasjon](#)
-  [Skattesøk](#)
-  [Eiendomssøk](#)
-  [Pondus](#)
-  [Dilbert](#)
-  [Rocky](#)
-  [Nemi](#)
-  [TV-guide](#)
-  [Nettspill](#)
-  [Spill Sudoku](#)
-  [Spill Memory](#)
-  [BT-listen](#)
-  [bt.no-verktøylinje](#)
-  [bt.no som startside](#)
-  [PDA/Palm](#)
-  [RSS/XML-feed](#)
-  [Tips bt.no](#)
-  [btguiden](#)
-  [English](#)
-  [Deutsch](#)
-  [Français](#)
-  [Castellano](#)
- [Català](#)

og murarar har litt arbeid att å gjera. Byggjeplassen er ikkje rydda og det er ikkje så lett for fotografen å få vist korleis interiøret vil koma til å ta seg ut når arbeidsfolket forsvinn.

Det terrengtilpassa bygget har to fløyer som møtest i ein knekk. Den austre delen har personal- og fellesrom i første høgda og to etasjar med gjesterom over denne. Den andre fløya er på to etasjar og inneheld resepsjonsområde med peis, kafe, restaurant og endå ei stove med peis. I andre etasje er det soverom og eit konferanserom.

Hytta er konstruert ved hjelp av berande tversgåande massivtreribber. Desse fungerer som søyler i første etasje og som romdelarar i dei øvre. Dei indre massivtreveggene er doble, det vil seia 13 cm breie gonger to, for å isolera mot lyd. Ytterveggene er 60 cm tjukke. Utanpå doble massivtrevegger ligg både miljøvenlege sutakspalter og eit sutak av stål før bordkledning av kjerneved frå Røros. Mellom massivtreloga er huset isolert med trefiber.

HOLTZ 100 Norge heiter massivtreleverandøren som prefabrikkerte element ved å kopiera ein 3D-modell. Elementa kom til Ryfylke med trailer og vart heisa på plass. Monteringa var det spesialkunnige tømmermenn frå Tyskland som tok seg av. Spesialarbeidarar frå Schwarzwald tek seg også av den siste finpussen.

- Denne måten å byggja på har vore spesielt utfordrande for røyrleggjarar og elektrikarar. Arbeidet deira vart meir omfattande enn dei trudde, og dei kan ikkje ta lærlingane sine med på dette prosjektet, her må dei bruka sine beste folk, seier Krogh, som har sine metodar når han kjenner på seg at det er behov for å blidgjera arbeidsstokken.

- Om fredagane lagar kokken lunsj til alle arbeidarane. Nyleg arrangerte vi konsert for dei, og så er vi flinke til å skryta av dei heile tida, fortel han.

Preikestolhytta er eit år forseinka. Det skuldast først og fremst at det tok si tid å gjera dei nødvendige reknestykka for styrke og stabilitet.

- Det var sett av to månader, men ingeniørane i Austerrike trong fjorten, seier Krogh.

- Andre arkitektar held seg vanlegvis innan norsk standard og vanlege kunnskapsnormer. Det gjer ikkje Helen & Hard. Dei tøyer grensene. Slikt blir det ikkje vanlege bygg av, seier prosjektleiar Bernt Krogh.

TRE TIL Å TRØ PÅ: Trebruken er raus og solid, også i trappene.
FOTO: SIGNE CHRISTINE URDAL








Fakta/Preikestolen fjellstove

- Nybygg i massivtre teikna av arkitektkontoret Helen & Hard as for Stavanger Turistforening.
- Hytta, som opnar for heilårsdrift 14. november, er på 1100 m2 med 28 gjesterom, kafe, restaurant og konferanserom.
- Eit Norwegian Wood-prosjekt, bygd av prefabrikkerte element i massivtre frå Holtz 100 Norge og malmfuru frå Røros. Anlegget har vassboren varme og balansert ventilasjon. Energibehovet vil bli kring 100 kwh/m2/år.
- Den nye hytta til kring 30 millionar kroner supplerer Preikestolhytta frå 1947.
- Hyttene ligg ved bilveg 280 m.o.h. i Strand kommune. Herifrå tar det 1,5 time å gå den merka stigen fram til Preikestolplatået, som har meir enn 100.000 besøkjande i året. Turistforeninga utvidar tilbodet for å imøtekoma behovet for overnatting i området.

Fakta/Massivtre

- Laminerte treelement brukt som berande konstruksjonar i vegger, golv og tak. Element i massivtre kan brukast åleine eller saman med materialar som glas og mur. Overflata kan brukast ubehandla.
- Opphavleg brukt i Canada, men er no også ein anerkjend byggemetode ikkje minst i Mellom-Europa.

Kommentar

-  [Trine Eilertsen](#)
Kst. sjefredaktør
-  [Jan H. Landro](#)
Kulturredaktør
-  [Hilde Sandvik](#)
Debatt- og kronikkredaktør
-  [Frank Rossavik](#)
-  [Olav Kobbeltveit](#)
-  [Asbjørn Kristoffersen](#)
-  [Knut Langeland](#)

